

Intervjuguide

Musikkterapi ved depresjon

Hovudspørsmål:

- *Kan du fortelja om korleis du har opplevd å delta i musikkterapi og korleis utvikla det seg?*
- *Korleis opplevde du at musikkterapi var til hjelp i kvardagen?*

Før deltaking:

Korleis var ditt forhold til musikk før musikkterapi?

Korleis var din kvardag før du starta i musikkterapi?

Kva tiltak hadde du prøvd før musikkterapi? Og korleis fungerte det?

Kva gjorde at du ville delta i musikkterapi?

Under deltaking:

Kor lenge og ofte var du i musikkterapi?

Kva skjedde i musikkterapien?

Kva synes du om musikkterapirommet?

Korleis har du opplevd dei ulike aktivitetane de har gjort i musikkterapien?

Korleis var forholdet ditt til musikken de arbeida med i musikkterapirommet?

Korleis var forholdet ditt til musikkterapeuten? Korleis utvikla denne relasjonen seg? Korleis var det å spela med han?

Korleis var forholdet ditt til eventuelt andre som gjekk i musikkterapien med deg?

Korleis utvikla musikkterapien seg over tid?

Kva endringar i kvardagen opplevde du undervegs i musikkterapien?

Korleis nytta du musikk utanfor musikkterapien?

Var det noko ubehageleg/negativt/utfordrande som skjedde i musikkterapien?

Følte du at din rolle i musikkterapien endra seg over tid? På kva måte?

Korleis fungerte andre eventuelle tiltak medan du gjekk i musikkterapi?

Etter deltaking:

Kva rolle spelar musikk i livet ditt nå for tida?

Kva vil du sei var dei viktigaste erfaringane du erfarte i musikkterapien?

Har musikken eller det som skjedde i musikkterapien påverka din helse på noko måte? Korleis er det å leve med symptom på depresjon i dag?

Er det nokon spesielle erfaringar frå musikkterapien som du tar med deg vidare?

Korleis ser du for deg at musikkterapien kunne vore annleis?

Korleis har det vore å verta intervjuet på denne måten?